



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 18/1772	Løpenr: 18/9372
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	13.12.2018	050/2018

Godkjenning av møteplan for 2019

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese (A) sette fram følgjande framlegg til endring i forhold til rådmannen sitt framlegg:

1. *Heildagsmøte for kommunestyre vert flytta frå 12. desember til 5. desember. Konsekvensen av dette vert at formannskapsmøte i forkant må flyttast frå 21. nov. til 14.nov. (Dette p.g.a. høyringsfristen på 3 veker.)*
2. *Budsjettmøte i kommunestyre skal ikkje vera seinare enn 1. veka i desember.*

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram framlegg om å flytta kommunestyremøtet i juni frå 13. juni til enten 6. juni eller 20. juni.

Brigt Olav Gåsdal (A) orienterte om at første møte i kontrollutvalet i 2019 vert den 4. februar. Resten av møteplanen for kontrollutvalet for 2019 vert vedteken av kontrollutvalet seinare.

Resten av handsaminga av denne saka (sak 050/2018) vart utsett, og vart gjort etter handsaminga av sak 060/2018.

Etter handsaminga av sak 060/2018 orienterte ordførar Knut Harald Frøland (Bl) om at administrasjonen, etter å ha gått gjennom framlegga frå Olaug Øystese og Øyvind Strømmen, foreslo følgjande tillegg/presiseringar til desse framlegga:

- *Møta som er sett opp 2. desember i arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet og rådet frå personar med nedsett funksjonsevne vert flytta til 25. november.*
- *Kommunestyret sitt junimøte vert flytta til 6. juni.*
- *Naturutvalet sitt "reservemøte" vert flytta frå 4. juni til 28. mai.*

Rådmannen sitt framlegg, justert med endringsframlegga og presiseringane frå administrasjonen som vart lagt fram i møtet, vart samrøystes vedteke.

KS- 050/2018 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til møteplan for 2019 vert vedteke med følgjande endringar:

1. *Heildagsmøte for kommunestyret vert flytta frå 12. desember til 5. desember.*

Konsekvensen av dette vert at formannskapsmøtet i forkant må flyttast frå 21. november til 14. november (dette p.g.a. høyringsfristen på 3 veker).

2. Budsjettmøte i kommunestyre skal ikkje vera seinare enn 1. veka i desember.
3. Møta som er sett opp 2. desember i arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet og rådet frå personar med nedsett funksjonsevne vert flytta til 25. november.
4. Kommunestyret sitt junimøte vert flytta til 6. juni.
5. Naturutvalet sitt "reservemøte" vert flytta frå 4. juni til 28. mai.

Vedtaket er gjort med heimel i § 32 i kommunelova.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegget til møteplan for 2019 vert vedteke. Vedtaket er gjort med heimel i § 32 i kommunelova.

Dokument som er vedlagt:

Framlegg til møteplan for 2019

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kommunelova, kommunestyret sitt vedtak i sak 002/2018

Kva saka gjeld:

Det skal i kommunestyret sitt desembermøte leggast fram sak om møteplan for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret skal der vedta møteplanen for desse organa for det komande året. Det enkelte organet skal ha fullmakt til gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av året dersom det er behov for dette.

Kontrollutvalet, som har eige sekretariat som ikkje har tilknytning til kommuneadministrasjonen, fastset møteplanen sin sjølv.

Framlegg til møteplan for 2019 følgjer som vedlegg til dette saksframlegget. Rådmannen har hatt dialog med ordføraren i samband med utarbeiding av framlegget. Det vert i framlegget foreslått til følgjande tal møte i 2019:

Styre/utval/råd	Tal møte i 2019	Møtedag
Kommunestyret	6 møte	Torsdag
Formannskapet	4 møte	Torsdag
Naturutvalet	5 møte	Tysdag
Valstyret	3 møte	*
Rådet for pers. med nedsett funksj.evne	2 møte	Tysdag

Styre/utval/råd	Tal møte i 2019	Møtedag
Arbeidsmiljøutvalet	4 møte	Måndag
Eldrerådet	3 møte	Tysdag
Ungdomsrådet	6 møte	Onsdag
Adm.utvalet	2 møte	Torsdag

**) Valstyret har ikkje fast møtedag.*

Det vert foreslått til saman 6 møte i kommunestyret i 2019. Dette vil vera 4 «ordinære møte», 1 møte med tema «kvalitetsdialog/premiss» og 1 konstituerande møte for det nyvalde kommunestyret. Det vert ikkje foreslått å ha møte i formannskapet i forkant av dei to sistnemnde kommunestyremøta, berre i forkant av dei 4 «ordinære» kommunestyremøta.

Det er sett opp 4 møte i naturutvalet. I tillegg er det sett av ein «ekstra møtedato» (04.06.2018), i tilfelle det er behov for å ha møte i naturutvalet i forkant av kommunestyret sitt junimøte (dette må naturutvalet vurdere sjølv).

Talet på møte i administrasjonsutvalet vert foreslått redusert til 3 stk i 2019. Det første møtet i 2019

(24.01.2019) er «erstatning» for eit utsett møte i november 2018.

Det vert forslått 6 møte i ungdomsrådet i 2019. Dette er i samsvar med vedtekene for ungdomsrådet.